

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID FOR DALE STASJON

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 12-8 varslar Multiconsult Norge AS på vegne av Bane NOR om oppstart av planarbeid for detaljregulering av Dale stasjon i Vaksdal kommune, planid: 2018001. Planområdet omfattar gnr. 22 bnr. 594 med fleire.


Bakgrunn og formål for reguleringsplanen

Bakgrunnen for planarbeidet er at Dale stasjon må utbetrast for å kunne ta imot nye togsett på jernbanelina. Det kjem ein ny type togsett som er lengre enn noverande togsett på Bergensbanen, og det krev lengre plattformer.

Planen sine tiltak inneber plattformforlengingar til ca. 220-280 meter, bygging av overgang eller undergang ved stasjonen og bruk av areal til mellombels rigg- og anlegg. I tillegg vert det planlagt for regulering av gang- og sykkelveg i nedlagt «BKK-spor» langs Sandlivegen. Dersom det vert valt ei løysing med planfri kryssing som overgang, kan det gjerast som vist i døme i figur 2.

Varsla planområde (figur 1) omfattar i hovudsak stasjonsområdet og jernbaneareal til og med bru ved Dalevegen i vest og Bråtet i nord. I tillegg er det teke med areal ved Kalvekroken i sør for å kunne sikre regulering av eventuelle nye tilkomststar. Ved alle kryss er det teke med areal for regulering av frisktsoner. Planen kan medføre endra tilkomstvegar og rettar knytt til regulerte areal.

Areal i aust mellom E 16 og jernbanespora er planlagt nytta som mellombels rigg- og anleggsområde.



Figur 1: Varsla planområde er vist med stipla strek. Det omfattar i hovudsak stasjonsområdet og jernbaneareal til og med bru ved Dalevegen i vest og Bråtet i nord.



Figur 2: Illustrasjon av planfri kryssing som overgang. Kjelde: Plattformforlenging Vossebanen, optimaliseringsrapport Bane NOR.

Planstatus

Deler av planområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Det resterende området er regulert, i hovedsak til stasjonsområde og grøntområde, sjå figur 3. Dei resterande planane er:

1. Riksveg 13, vedteken 30.11.1992. Planid: 1992006.
2. Stasjonsområdet, vedteken 18.3.1971. Planid: 1971001
3. Veg over Kalvekroken, vedteken 17.10.1975. Planid: 1975003
4. Kalvekroken bustadfelt, vedteken 13.02.1989. Planid: 1989002.
5. BKK Dale kraftverk, vedteken 1.9.1986. Planid: 1986002.



Figur 3: Kartet viser omriss av planar innanfor eller som grenser til planområdet. Kilde: Nordhordlandskart

Varslingsbrev Oppstart

KU-vurdering

Kapittel 2 i Forskrift om konsekvensutgreiing omhandlar planer og tiltak som vert omfatta av forskrifta. Planen sine tiltak høyrer ikkje inn under tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, jfr. vedlegg I (punkt 7 omhandlar jernbanelinjer for langdistansetrafiikk eller tiltak med investeringskostander over 750 mill. kr). Tiltaka høyrer inn under mindre jernbanetiltak som skal vurderast nærmare, vedlegg II (punkt 10c).

Kapittel 3 § 10 i forskrifta omhandlar kriterier for vurdering av om tiltak kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planen sine tiltak er vurdert til å ikkje verte omfatta av kriteria a-d. Planen kjem heller ikkje i konflikt eller har negativ verknad for kriteria a-h. Stasjonsområdet har eit godt bevart bygningsmiljø, men er ikkje formelt verna som kulturminne. Bane NOR vurderer å utarbeide ein kulturhistorisk forvaltningsplan for alle stasjonane mellom Voss og Trengereid. Dette er eit større arbeid som skal sjå på banen i ei kulturhistorisk heilskap.

Planen sine tiltak utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing i samsvar med plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar.

Merknader til planarbeidet

Varseldokumentata kan lesast på Multiconsult si nettside www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/ og på Vaksdal kommune si nettside <http://www.vaksdal.kommune.no/hoeyring-og-kunngjering.342798.nn.html>

Merknader og spørsmål til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

Multiconsult Norge AS v/ Linnea Kvinge Karlsen, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun
eller via e-post: linnea.kvinge.karlsen@multiconsult.no.

Frist for innsending av merknadar: **15. juni 2018**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar til Vaksdal kommune, då dette vert ivareteke samla av Multiconsult.

Informasjon og medverknad

Det vert invitert til eit ope informasjonsmøte på Heradshuset i Dale **tysdag 22. mai kl. 18.00**.

Formålet med møtet er å presentere plan for ombygging av stasjonsområdet og dette planarbeidet samt ta imot innspel. Alle som ynskjer informasjon om planarbeidet er hjarteleg velkomne!

For nærmare informasjon, kontakt Multiconsult ved Linnea Kvinge Karlsen, tlf: 951 53 748.

Vidare saksgang

Forslag til reguleringsplan er planlagt levert kommunen i desember 2018 for fyrstegongshandsaming og offentleg ettersyn. Kommunen overtek då planen og den vidare handsaminga.

Med vennleg helsing

MULTICONSULT NORGE AS

Linnea Kvinge Karlsen